



**Møtebok**  
**Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 09.05.2017**  
**Stad: Hotell Ullensvang**  
**Klokka 11:00 – 13:30**

**Møtte:** Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Morten Midlang, Roald Aga Haug, Irene Heng Lauvsnes, Svanhild Løge Skålheim.

**Forfall:** Arnstein Menes, Arne Bergsvåg, Marthe Hammer.

**Sekretariatet:** Trude Rinaldo, Jostein Eitrheim og Hanne Sundbø fra Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Sak 16/17      Meldingar**

Meldingane vart tekne til vitande.

**Sak 17/17      Evaluering av Årskonferansen 2017**

• Fagleg

Godt program og viktig funksjon som møteplass for samferdslespørsmål. Nyttig å kunne treffa stortingspolitikarar. Bør sjå på om det er mogeleg å leggja opp programmet slik at deltakarane vert med heilt til slutt på konferansen. Val av konferansestad var gjort med tanke på at det skulle vera lett for stortingspolitikarar å delta. Dersom konferansen er ved eit distrikshotell vert dette vanskelegare.

Det var svært mykje tilrettelegging/avklaring/avmelding i dei siste vekene før konferansen.

Det var for dårlig deltaking frå Sogn og Fjordane fylkeskommune på konferansen.

• Økonomi

Resultat vart presentert og drøfta. Rekneskap ligg vedlagt til møteboka. Kostnad til møteleiar vart drøfta særskilt og det bør vera tema for drøfting mot neste års konferanse.

**Sak 18/17      Årskonferansen 2018.**

• Tema/innhald

Gang og sykkelstiar langs Rv13.

Mobildekning. DAB-dekning.

Rassikring.

Presentasjon av store veganlegg langs Rv13.

Lokale konsekvensar for område utan jernbane når 45% av NTP går til jernbanesatsing. MRK Evt. presentasjon av Idar Mo.

Tunneltryggleik. Tunnelsikring

Tydeleg fokus på viktige tema, saker som er vesentlege for Fjordvegregionen.

Næringsutvikling. Presentasjonar frå næringslivet som fokuserer på viktigkeit av god veg.

- Tidspunkt  
Knytta tidspunkt til annan konferanse der vi veit at stortingspolitikarar vil delta. Evt. samarbeid med Vestlandskonferansen ?  
Dersom årskonferansen skal vera i Vik bør det vera tidlegast i mai.
- Arrangementsstad  
Årskonferansen 2018 skal etter «plan» arrangerast i Sogn og Fjordane  
Mest aktuelt: Blix Hotel, Vik.
- Målgruppe  
Medlemmer: Næringsliv/kommunar  
Politisk nivå:  
Storting  
Fylkesting  
Statens vegvesen

- Sak 19/17      Status og vidare framdrift: Kollektivprosjektet «Reis med dei lokale».**
- Drøfting av prosjektfinansiering etter at Rogaland fylkeskommune har avslått søknad frå Fjordvegen Rute 13.

**Vedtak:**

Styret ønskjer at det vert teken ny kontakt mot Rogaland fylkeskommune.  
Styrelieiar og Arne Bergsvåg/Svanhild Løge Skålheim sjekkar av korleis ein evt. kan få ut denne støtte frå fylkeskommunen.  
Dersom det likevel ikkje lukkast å få denne støtte frå fylkeskommunen søker Fjordvegen Rute13 Ryfylkefondet om støtte.

- Sak 20/17      NTP 2018 -2029 Påverknadsarbeid fram mot handsaming i Stortinget  
19. juni 2017.**

Ta tak i prioriteringslista frå Fjordvegen. Rassikring bør løftast fram.  
Morten Midlang har sendt førespurnad om møte med leiar i Transport- og kommunikasjonskomiteen, men det har ikkje kome til nokon avtale om møte enno. Midlar til Brattlandsdalen er no ute av NTP.

**Vedtak:**

Det må arbeidast for å få inn ein merknad om forskotering av Brattlandsdalen frå fylkeskommunane dersom dette prosjektet vert plassert i første periode.  
Oppmoda Rogaland fylkeskommune om å kreva slik merknad.  
Formulering som sikrar framdrift i utgreiingsarbeid for Vikafjellet.

- Sak 21/17      Fast post: Gjennomgang av status for Rv 13**  
Vert utsett til neste styremøte.

- Sak 22/17      Møteplan 2. halvår 2017**  
Onsdag 30. august  
Mandag 16. oktober  
Tysdag 5. desember

- Sak 23/17      Ymse**
- Tiltak Kyrkjeneset – Bjotveit for sommartrafikken 2017
  - Suppleringsval valnemnda 2018  
Valnemnda vert ikkje supplert før neste årsmøte.
  - Innhenta pris på «dronefilm» som viser utfordringane langs Rv13.
  - Invitera Sven Egil Finden, Statens vegvesen til neste styremøte.